

Vedlegg E

Den enkle bistandsavtalen

Statens standardavtale om konsulentbistand med
spesifisering integrert i avtaleteksten

Avtale om konsulentbistand

Avtale om

Utbetring av Besseggen-stien opp frå Memurubu

er inngått mellom:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen v/ Statsforvaltaren i Innlandet
(heretter kalla Kunden)

og

[Skriv her]

(heretter kalla Leverandøren)

(kvar for seg kalla ein Part og i fellesskap Partane)

Stad og dato:

[Skriv stad og dato her]

Statsforvaltaren i Innlandet
[974 761 645]

[Namnet til Leverandøren]
[Org.nr. til Leverandøren]

Underskrifta til Kunden
Victoria M. Kristiansen
- Avdelingsdirektør -

Underskrifta til Leverandøren

Avtalen skal underteiknast i to eksemplar, eitt til kvar Part.

Førespurnader

Alle førespurnader som gjeld denne Avtalen, skal rettast til den personen eller rolla som i punkt 2.1 er peika ut til å ha fullmakt:

Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen
Telefon: 948 80 564
E-post: kari.sveen@statsforvalteren.no

Innhold

1. ALMINNELEGE VILKÅR.....	5
1.1 AVTALEOMFANG.....	5
1.2 TOLKING – RANGORDNING.....	5
2. GJENNOMFØRING AV AVTALEN	6
2.1 PARTANE SINE REPRESENTANTAR	6
2.2 MØTE	6
2.3 RISIKO OG ANSVAR FOR KOMMUNIKASJON OG DOKUMENTASJON	6
2.4 SKRIFTLEGHEIT	6
3. ENDRINGAR ETTER AVTALEINNGÅING	6
4. VARIGHEIT, AVBESTILLING OG MELLOMBELS STANS AV BISTANDEN	7
4.1 VARIGHEIT.....	7
4.2 AVBESTILLING	7
4.3 MELLOMBELS STANSING AV BISTANDEN.....	7
5. PARTANE SINE PLIKTER.....	8
5.1 OVERORDNA ANSVAR	8
5.1.1 Konsulentens sitt ansvar og kompetanse	8
5.1.2 Kunden sitt ansvar for tilrettelegging og medverknad.....	8
5.2 NØKKELPERSONELL	9
5.3 TEIEPLIKT	9
5.4 LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR.....	9
5.4.1 Generelt	9
5.4.2 Dokumentasjon	10
5.4.3 Manglande oppfylling	10
6. VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR	11
6.1 VEDERLAG.....	11
6.2 FAKTURERING.....	12
6.3 FORSEINKINGSRENTE	13
6.4 BETALINGSMISLEGHOLD.....	13
6.5 PRISENDNING	13
7. OPPHAVS- OG EIGEDOMSRETT	13
8. MISLEGHOLD.....	14
8.1 KVA SOM BLIR REKNA SOM MISLEGHOLD.....	14
8.2 VARSLINGSPLIKT	14
8.3 SANKSJONAR VED MISLEGHOLD	14
8.3.1 Prisavslag	14
8.3.2 Tilbakehaldsrett	14
8.3.3 Heving og hevingsoppgjer	14
8.3.4 Erstatning.....	15
8.3.5 Erstatningsavgrensing	15
9. ANDRE FØRESEGNER	15
9.1 FORSIKRINGAR.....	15
9.1.1 Kunden sine forsikringar	15
9.1.2 Konsulentens sine forsikringar	15
9.2 OVERDRAGING AV RETTAR OG PLIKTER	15
9.2.1 Kunden si overdraging.....	15
9.2.2 Konsulentens si overdraging	16

9.3	KONKURS, AKKORD E.L.....	16
9.4	FORCE MAJEURE.....	16
10.	TVISTAR.....	17
10.1	FORHANDLINGAR.....	17
10.2	MEKLING	17
10.3	LOVVAL OG VERNETING.....	17
11.	ENDRINGAR	18

1. ALMINNELEGE VILKÅR

1.1 AVTALEOMFANG

Avtalen gjeld manuelt arbeid på sti under leiing av Kunden, heretter kalla «bistanden».

Kunden har beskrive behovet sitt og framstilt krava sine til bistanden her:

Skildring av bistanden

Det skal utførast manuelt arbeid med reparasjon og oppbygging av sti innan prioriterte parsellar på ei strekning ovafor Memurubu, i hovudsak mellom kote 1150 og 1250.

Over tid har det oppstått omfattande erosjon på Besseggen-stien i det bratte partiet opp frå Memurubu. Det er derfor behov for å reparere dei øydelagde partia og å leie bort vatn slik at det ikkje oppstår ny erosjon, og å reparere vassrenner og supplere med nye renner der det er behov.

Planlagt arbeid er nærare skildra i vedlegg D. Tiltaka er følgjande:

- Bygge opp stien med knust grus og stein for å redusere erosjon og etablering av parallelle stitraséar
- Oppbygging og istandsetting av stikkrenner for å leie vatn vekk frå stien
- Punktreparasjonar og avstenging av parallelle stiar med stein.

For nærare skildring av behova og krav til leveransen, sjå vedlegg D.

Konsulenten skal også delta i andre aktivitetar som Kunden etterspør, innanfor rammene av Avtalen.

Med «Avtalen» er meint denne generelle avtaleteksten med eventuelle vedlegg.

1.2 TOLKING – RANGORDNING

Følgjande tolkingsprinsipp blir lagt til grunn:

Endringar til avtalen går framfor den generelle avtaleteksten, men berre i den utstrekning det går fram klart og utvitydig kva for (eit) punkt som er endra, erstatta eller gjort tillegg til. Ved motstrid der endringa ikkje er klart spesifisert som oppgitt, går den generelle avtaleteksten framfor endringane.

Endringar skal førast inn i kapittel 11.

2. GJENNOMFØRING AV AVTALEN

2.1 PARTANE SINE REPRESENTANTAR

Kvar av Partane skal ved inngåinga av Avtalen oppnemne ein representant som har fullmakt til å opptre på vegner av Partane i saker som gjeld Avtalen. Representant for Partane som har fått fullmakt, skal spesifiserast her:

For Kunden:

Namn: Kari Sveen

Stilling: Nasjonalparkforvaltar

Telefon: 948 80 564

E-post: kari.Sveen@statsforvalteren.no

For Leverandøren:

Namn:

Stilling:

Telefon:

E-post:

Representantar på vegne av Kunden under feltarbeid:

SNO v/ Stein Windingstad

Lom fjellstyre v/ Åsmund Galde eller stedfortreder frå fjellstyret

2.2 MØTE

Dersom ein Part finn det nødvendig, kan Parten med minst 3 (tre) verkedagars varsel kalle inn til møte med den andre Parten for å drøfte avtaleforholdet og måten Avtalen blir gjennomført på.

2.3 RISIKO OG ANSVAR FOR KOMMUNIKASJON OG DOKUMENTASJON

Begge Partar skal sørge for forsvarleg kommunikasjon, oppbevaring og tryggleikskopiering av dokument og anna materiale av betydning for bistanden uansett form, medrekna e-post og anna elektronisk lagra materiale.

Leverandøren har risikoen og ansvaret for alt materiale uansett form, som blir skadd eller øydelagt mens det er under Leverandøren sin kontroll.

2.4 SKRIFTLLEGHEIT

Alle varsel, krav eller andre meldingar knytte til denne Avtalen skal givast skriftleg til den elektroniske adressa som er oppgitt under punkt 2.1, med mindre Partane har avtalt noko anna for den aktuelle typen førespurnad:
Skal fyllast inn ved behov

3. ENDRINGAR ETTER AVTALEINNGÅING

Dersom Leverandøren etter at Avtalen er inngått, meiner innhaldet i eller omfang av bistanden endrar seg undervegs, må det utan ugrunna opphald meldast skriftleg til Kunden. Er det ikkje gjort, skal bistanden gjennomførast til avtalt tid og pris.

Endringar av, eller tillegg til Avtalen skal avtalast skriftleg. Leverandøren skal føre ein fortløpande katalog over slike endringar. Leverandøren skal utan ugrunna opphald sende Kunden ein oppdatert kopi.

4. VARIGHEIT, AVBESTILLING OG MELLOMBELS STANS AV BISTANDEN

4.1 VARIGHEIT

Arbeidet skal påbyrjast og avsluttast i samsvar med vala nedanfor:

Arbeidet skal påbyrjast: (dato)

Tidsramma for bistanden:

- ☐ Alt. 1: Bistanden gjeld inntil (dato)
- ☐ Alt. 2: Bistanden skal ytast i X tal veker rekna frå oppstart
- ☐ Alt. 3: Bistanden skal ytast fortløpande til Kunden sitt prosjekt er avslutta
- ☐ Alt. 4: Bistanden skal ytast løpande inntil øvre økonomiske ramme for Avtalen eller totalt tal timar:

☒ Alt. 5 Eigendefinert:

Bistanden skal ytast på timebasis inntil øvre økonomiske ramme for Avtalen

4.2 AVBESTILLING

Bistanden kan avbestillast av Kunden med 30 (tretti) dagars skriftleg varsel.

Ved avbestilling før bistanden er fullført, skal Kunden betale:

1. Det beløpet Leverandøren har til gode for alt utført arbeid.
2. Leverandøren sine dokumenterte kostnader knytte til omdisponering av personell.
3. Andre direkte kostnader som Leverandøren blir påført som følge av avbestillinga.

Anna avbestillingsgebyr kan avtalast her:

Skal fyllast inn ved behov

4.3 MELLOMBELS STANSING AV BISTANDEN

Kunden kan med minimum 5 (fem) dagars skriftleg varsel krevje at bistanden blir stansa mellombels. Det skal opplysast når bistanden skal stansast og når han er planlagd teken opp att.

Ved mellombels stans skal Kunden erstatte:

1. Leverandøren sine dokumenterte kostnader knytte til omdisponering av personell.
2. Andre direkte kostnader som Leverandøren blir påført som følge av stansinga.

Dersom gjennomføringa av bistanden har vore stansa samanhengande i meir enn 120 (eitthundreogtjue) dagar, kan Leverandøren med skriftleg varsel til Kunden seie opp Avtalen. Dersom Kunden ikkje innan 14 (fjorten) dagar etter at varselet er motteke, gir skriftleg melding om at bistanden skal gjenopptakast, gjeld føresegna om avbestilling i punkt 4.2 tilsvarande.

5. PARTANE SINE PLIKTER

5.1 OVERORDNA ANSVAR

5.1.1Leverandøren sitt ansvar og kompetanse

Leverandøren skal levere bistanden i samsvar med denne Avtalen på ein fagleg forsvarleg og profesjonell måte og i samsvar med dei etiske og faglege retningslinjene/normene for bransjen.

Dersom Leverandøren skal nytte spesifikke standardar og/eller metodar eller liknande, skal dette oppgivast her: Skal fyllast inn ved behov

Kunden skal givast høve til å kontrollere og etterprøve arbeidet frå Leverandøren, og at oppgitte standardar/metodar blir følgde.

Leverandøren skal lojalt samarbeide med Kunden, og vareta Kunden sine interesser.

Førespurnader frå Kunden skal svarast på utan ugrunna opphald.

Leverandøren skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Leverandøren forstår eller bør forstå at kan få betydning for gjennomføringa av bistanden, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

5.1.2Kunden sitt ansvar for tilrettelegging og medverknad

Kunden skal lojalt medverke til gjennomføringa av bistanden.

Førespurnader frå Leverandøren skal svarast på utan ugrunna opphald.

Kunden skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Kunden forstår eller bør forstå at kan få betydning for gjennomføring av bistanden, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

5.2 NØKKELPERSONELL

Leverandøren sitt nøkkelpersonell i samband med utføringa av bistanden skal gå fram her:

Namn	Kategori	Kompetanseområde

Skifte av nøkkelpersonell hos Leverandøren skal godkjennast av Kunden. Godkjenning kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Ved byte av personell som skriv seg frå forhold hjå Leverandøren, ber Leverandøren kostnadene ved kompetanseoverføring til nytt personell.

5.3 TEIEPLIKT

Informasjon som Partane blir kjend med i samband med Avtalen og gjennomføringa av Avtalen, skal handsamast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre Parten med mindre der ikkje er ei rettkomen interesse som tilseier at informasjonen skal haldast hemmeleg. Som utanforståande reknar ein alle som ikkje har sakleg behov for tilgang til informasjonen for å utføre oppgåvene sine i samsvar med Avtalen.

Dersom Kunden er ei offentlig verksemd, er teieplikta til Kunden etter denne føresegna ikkje meir omfattande enn det som følgjer av lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltingslova) eller tilsvarende sektorspesifikk regulering.

Teieplikt etter denne føresegna grip ikkje inn i lovbestemt innsynsrett.

Teieplikta gjeld Partane sine tilsette, underleverandørar og andre partar som handlar på Partane sine vegner eller medverkar i samband med gjennomføring av Avtalen.

Teieplikta opphøyrer fem (5) år etter at Avtalen opphøyrer, med mindre anna følgjer av lov eller forskrift. Anna varigheit kan spesifiserast her: Skal fyllast inn ved behov

5.4 LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR

5.4.1 Generelt

For avtalar som er omfatta av forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter, gjeld følgjande:

1. Leverandøren skal på område dekte av forskrift om allmenngjort tariffavtale sørge for at egne og eventuelle underleverandørar sine tilsette som direkte

medverkar til å oppfylle Leverandøren sine forpliktingar under denne Avtalen, ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av forskrifta som allmenngjer tariffavtalen.

2. På område som ikkje er dekte av allmenngjort tariffavtale, skal Leverandøren sørge for at dei same tilsette ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen.

Dette gjeld for arbeid utført i Noreg.

Alle avtalar som Leverandøren inngår, og som inneber utføring av arbeid som direkte medverkar til å oppfylle Leverandøren sine forpliktingar under denne Avtalen, skal innehalde tilsvarande vilkår.

5.4.2 Dokumentasjon

Leverandøren skal på skriftleg førespurnad frå Kunden leggje fram dokumentasjon om dei lønns- og arbeidsvilkåra som blir brukte. Kunden og Leverandøren kan kvar for seg krevje at opplysningane skal leggjast fram for ein uavhengig tredjepart som Leverandøren har gitt i oppdrag å undersøkje om krava i denne føresegna er oppfylte. Leverandøren kan krevje at tredjeparten skal ha underteikna ei erklæring om at opplysningane ikkje vil bli brukte for andre føremål enn å sikre oppfylting av Leverandøren si forplikting etter denne føresegna. Dokumentasjonsplikta gjeld òg for underleverandørar.

Leverandøren pliktar på skriftleg førespurnad med ein rimeleg frist å dokumentere lønns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar, arbeidstakarar hos eventuelle underleverandørar (medrekna innleigde) som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten.

Ved brot på dokumentasjonsplikta har oppdragsgivar rett til å ileggje ei dagbot som ikkje skal vere mindre enn kr 1500 per dag. Høgare dagbot kan avtalast mellom Partane: Skal fyllast inn ved behov

5.4.3 Manglande oppfylting

Ved brot på krava til lønns- og arbeidsvilkår, skal Leverandøren rette forholdet. Der brotet har skjedd hos ein underleverandør (medrekna bemanningsselskap) er rettingsplikta avgrensa til krav som er fremja skriftleg innan tre månader etter forfallsdato for lønna, både for krav som følgjer av allmenngjort tariffavtale og landsomfattande tariffavtale. Dei vilkår og avgrensingar som følgjer av lov om allmenngjøring av tariffavtaler mv. av 4. juni 1993 § 13 skal gjelde i begge desse tilfella.

Dersom Leverandøren ikkje oppfyller denne forpliktinga, har Kunden rett til å halde tilbake delar av kontraktssummen, tilsvarande 2 (to) gonger innsparinga for Leverandøren. Tilbakehaldsretten opphøyrer så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert.

Dersom dokumentasjonen for oppfylling av dette punktet er lagd fram for ein uavhengig tredjepart, kan ei erklæring frå tredjeparten akseptert som dokumentasjon om at det er samsvar mellom aktuell tariffavtale og faktiske lønns- og arbeidsvilkår for oppfylling av Leverandøren og eventuelle underleverandørar sine forpliktingar.

Nærare presiseringar om gjennomføring av dette punktet kan avtalast mellom Partane: Skal fyllast inn ved behov

6. VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR

6.1 VEDERLAG

Vederlag for bistanden er avtalt som følgjer: (vel det aktuelle alternativet)

☐ Alternativ 1: Fastpris

	Valuta	Beløp	
Pris for bistanden			ekskl. meirverdiavgift
Meirverdiavgift %			
Kontraktssum			inkl. meirverdiavgift

☒ Alternativ 2: Timepris

	Valuta	Beløp	
Pris per time			ekskl. meirverdiavgift
Merverdiavgift %			
Pris per time			inkl. meirverdiavgift

Dersom alternativ 2 er valt, skal den øvre ramma for bistanden spesifiserast:

Det er avtalt følgjande øvre ramme for oppdraget:

	Valuta	Beløp	
Totalpris			ekskl. meirverdiavgift
Totalpris			inkl. meirverdiavgift

Med mindre anna er spesifisert ovanfor, er alle prisar oppgitte i norske kroner.

Dersom Partane har avtalt anna enn det som følgjer ovanfor, skal dette spesifiserast her. Sjå prisskjema

Partane har avtalt at følgjande av Leverandøren sine dokumenterte utlegg skal dekkjast: (Skal fyllast inn dersom ein ønskjer å fråvike standardavtalen)

Reise- og diettkostnader skal dekkjast etter følgjande satsar:
(Skal fyllast inn dersom ein ønskjer å fråvike standardavtalen)

Leverandøren kan fakturere medgått reisetid i samsvar med følgjande:
(Skal fyllast inn dersom ein ønskjer å fråvike standardavtalen)

Anna:

6.2 FAKTURERING

Fakturering skjer etterskotsvis pr. måned. Fakturert beløp skal gjelde den tida som er gått med fram til faktureringstidspunktet, og eventuell dekning av utgifter komne på i same tidsrom.

Betaling skal skje etter faktura per 30 (tretti) dagar. Fakturaene frå Leverandøren skal spesifiserast og dokumenterast slik at dei kan kontrollerast av Kunden. Alle fakturaer for løpande timar skal vere vedlagt detaljert spesifikasjon av påkomne timar. Utlegg og andre utgifter skal oppgivast særskilt.

Fakturering skjer ved elektronisk faktura – EHF.

Fakturaadresse: 974 761 645

Faktura skal merkast med:

Referansenummer: 3860KSV

Namn: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen v/Statsforvaltaren i Innlandet

Kunden er ei offentlig verksemd, og det er dermed eit krav at Leverandøren brukar elektronisk faktura i godkjent standardformat i samsvar med forskrift av 2. april 2019 om elektronisk faktura i offentlege innkjøp.

Dersom Leverandøren ikkje etterkjem krav om bruk av elektronisk faktura, kan Kunden halde tilbake betaling inntil elektronisk faktura i godkjent standardformat blir levert. Kunden skal utan unødig opphald gi melding om dette. Dersom slik melding er gitt, går betalingsfristen frå tidspunktet elektronisk faktura i godkjent standardformat er levert.

Inneheld faktura eller fakturagrunnlag opplysningar som er underlagde lovbestemt tieiplikt, og det vil vere fare for avsløring av slike opplysningar, kan krav om elektronisk faktura fråvikast, med mindre det finst tilfredsstillande tekniske sikringsløyser som sørgjer for konfidensialitet.

Leverandøren må sjølv bere eventuelle kostnader knytte til elektronisk faktura.

6.3 FORSEINKINGSRENTE

Dersom Kunden ikkje betaler til avtalt tid, har Leverandøren krav på rente av det beløpet som er forfalle til betaling, i samsvar med lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (forseinkingsrentelova).

6.4 BETALINGSMISLEGHALD

Dersom forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter ikkje er betalt innan 30 (tretti) dagar frå forfall, kan Leverandøren sende Kunden skriftleg varsel om at Avtalen vil bli heva, dersom oppgjer ikkje er skjedd innan 60 (seksti) dagar etter at varselet er teke imot.

Heving kan ikkje skje dersom Kunden gjer opp forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter innan fristen går ut.

6.5 PRISENDRING

Prisane kan endrast i den utstrekning reglane for offentlege avgifter blir endra med verknad for Leverandøren sitt vederlag eller kostnader. Leverandøren må fremje og dokumentere kravet skriftleg.

Prisane kan endrast ved kvart årsskifte, avgrensa oppover til eit beløp som svarer til auken i konsumprisindeksen til Statistisk sentralbyrå (totalindeksen), første gong med utgangspunkt i indeksen for den månaden Avtalen vart inngått.

Eventuelle andre føresegner om prisendringar:
Skal fyllast inn ved behov

7. OPPHAVS- OG EIGEDOMSRETT

Eigedomsrett, opphavsrett og andre relevante materielle og immaterielle rettar til resultat av bistanden tilfell Kunden når betaling er skjedd, med dei avgrensingane som følgjer av annan avtale eller ufråvikeleg lov.

Rettane omfattar også rett til endring og vidareoverdraging, jf. lov av 15. juni 2018 nr. 40 om opphavsrett til åndsverk mv. (åndsverklova) § 68.

Leverandøren beheld rettane til eigne verktøy og metodegrunnlag. Begge Partar kan også utnytte generell kunnskap (know-how) som ikkje er teiepliktig og som dei har tileigna seg i samband med bistanden.

8. MISLEGHALD

8.1 KVA SOM BLIR REKNA SOM MISLEGHALD

Det ligg føre misleghald dersom ein av Partane ikkje oppfyller forpliktingane sine etter Avtalen, og det ikkje kjem av forhold som den andre Parten er ansvarleg for eller force majeure.

Kunden skal reklamere skriftleg og utan ugrunna opphald etter at misleghaldet er oppdaga eller burde vore oppdaga.

8.2 VARSLINGSPLIKT

Dersom ein av Partane ikkje kan oppfylle pliktene sine som avtalt, skal Parten så raskt som mogleg gi den andre Parten skriftleg varsel om dette. Varselet skal opplyse om årsaka til problemet, og så vidt mogleg opplyse om når bistanden kan leverast. Tilsvarande gjeld dersom det må forventast ytterlegare forseinkingar etter at første varsel er gitt.

8.3 SANKSJONAR VED MISLEGHALD

8.3.1 Prisavslag

Dersom det trass gjentekne forsøk ikkje har lykkast Leverandøren å avhjelpe eit misleghald, kan Kunden krevje forholdsmessig prisavslag.

8.3.2 Tilbakehaldsrett

Ved misleghald frå Leverandøren si side kan Kunden halde betalinga tilbake, men ikkje openbert meir enn det som er nødvendig for å sikre Kunden sitt krav som følgje av misleghaldet.

Leverandøren kan ikkje halde tilbake bistand som følgje av misleghald frå Kunden, med mindre misleghaldet er vesentleg.

8.3.3 Heving og hevingsoppgjer

Ligg det føre vesentleg misleghald, kan den andre Parten, etter å ha gjeve den misleghaldande Parten skriftleg varsel og rimeleg frist til å bringe forholdet i orden, heve heile eller delar av Avtalen med omgåande verknad. Heving kan ikkje skje dersom den misleghaldande Parten kjem ut av misleghaldssituasjonen før fristen går ut.

Dersom det som er prestert fram til hevingstidspunktet er av lita eller inga nytte for Kunden, kan Kunden i samband med heving velje å krevje tilbakebetalt vederlag for løpande timar og eventuelle utgifter som Leverandøren har fått under Avtalen, med tillegg av renter, tilsvarande NIBOR pluss 1 (eitt) prosentpoeng, frå det tidspunktet betaling er skjedd.

Elles skal Kunden, i den utstrekning Kunden kan utnytte bistanden som føresett, betale for den bistanden som var prestert før hevingstidspunktet med frådrag av prisavslag i samsvar med punkt 8.3.1.

8.3.4 Erstatning

Partane kan krevje å få erstatta alle direkte tap, medrekna meirkostnader ved dekningskjøp, tap som kjem av meirarbeid, og andre direkte kostnader i samband med forseinking, mangel eller anna misleghald i samsvar med punkt 8.1, med mindre den misleghaldande Parten godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skriv seg frå den misleghaldande Parten.

8.3.5 Erstatningsavgrensing

Partane kan ikkje krevje erstatning for indirekte tap. Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tappt fortieneste av all slags art, tapte innsparingar, tap av data og krav frå tredjepartar med unntak av idømt erstatningsansvar for rettsmanglar.

Samla erstatning i avtaleperioden er avgrensa til eit beløp som svarer til avtalt vederlag eller eit øvre estimat for bistanden, eksklusive meirverdiavgift.

Desse avgrensingane gjeld likevel ikkje dersom den misleghaldande Parten eller nokon denne svarer for, har utvist grov aktløyse eller forsett.

9. ANDRE FØRESEGNER

9.1 FORSIKRINGAR

9.1.1 Kunden sine forsikringar

Dersom Kunden er ei offentleg verksemd, står Kunden som sjølvassurandør. Dersom Kunden ikkje står som sjølvassurandør, pliktar Kunden å ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekkje dei krava frå Konsulenten som følgjer av Kunden sin risiko eller ansvar etter denne Avtalen innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår.

9.1.2 Leverandøren sine forsikringar

Leverandøren pliktar ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekkje alle krav frå Kunden som følgjer av Leverandøren sin risiko eller ansvar etter denne Avtalen innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår. Denne forpliktinga blir rekna som oppfylt dersom Leverandøren teiknar ansvars- og risikoforsikring på vilkår som blir rekna som ordinære innanfor norsk forsikringsverksemd.

9.2 OVERDRAGING AV RETTAR OG PLIKTER

9.2.1 Kunden si overdraging

Er Kunden ei offentleg verksemd, kan Kunden overdra rettane og pliktene sine etter denne Avtalen til anna offentleg verksemd eller annan juridisk person som er eigd fullt ut av offentleg eller kommunal verksemd.

Dersom Kunden ikkje er ei offentlig verksemd, kan Kunden overdra rettane og pliktene sine etter denne Avtalen til eit dotterselskap eller anna selskap i same konsern, men Kunden er solidarisk ansvarleg for betalingsforpliktinga med mindre Konsulenten har samtykt til overdraginga. For overdraging til andre verksemder enn dei som er nemnde i første og andre setning, krevst det samtykke frå Konsulenten. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Den verksemda som Kunden overdreg rettane og pliktene sine til, har krav på tilsvarende vilkår, så framt rettane og pliktene i Avtalen blir overdregne samla.

9.2.2 Leverandøren si overdraging

Leverandøren kan berre overdra rettane og pliktene sine etter Avtalen med skriftleg samtykke frå Kunden. Dette gjeld òg dersom Leverandøren blir delt i fleire selskap, eller dersom overdraginga skjer til eit dotterselskap eller anna selskap i same konsern, men ikkje dersom Leverandøren blir slegen saman med eit anna selskap. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Retten til overdraging i avsnittet over gjeld berre dersom den nye Leverandøren oppfyller de opphavlege kvalifikasjonskrava, det ikkje blir gjort andre vesentlege endringar i kontrakten, og overdraging ikkje skjer for å omgå regelverket om offentlege anskaffingar.

Retten til vederlag etter denne Avtalen kan fritt overdragast. Slik overdraging frittek ikkje vedkomande Part frå forpliktingane og ansvaret hans.

9.3 KONKURS, AKKORD E.L.

Dersom det i samband med verksemda til Leverandøren blir opna gjeldsforhandlingar, akkord eller konkurs, eller anna form for kreditorstyring gjer seg gjeldande, har Kunden rett til å heve Avtalen med omgåande verknad, så framt ikkje anna følgjer av ufråvikeleg lov.

9.4 FORCE MAJEURE

Skulle det inntreffe ein ekstraordinær situasjon som ligg utanfor Partane sin kontroll som gjer det uråd eller uforholdsmessig vanskeleg å oppfylle plikter etter denne Avtalen, og som etter norsk rett må reknast som force majeure, skal motparten varslast om dette så raskt som mogleg. Den ramma Part sine forpliktingar blir suspenderte så lenge den ekstraordinære situasjonen varer. Motytingane frå den andre Parten blir suspenderte i same tidsrom.

Motparten kan i force majeure-situasjonar berre avslutte Avtalen med samtykke frå den ramma Parten, eller dersom situasjonen varer eller er venta å ville vare lenger enn 90 (nitti) dagar rekna frå det tidspunktet situasjonen oppstår, og då berre med 15 (femten) dagars varsel.

I samband med force majeure-situasjonar har Partane gjensidig informasjonsplikt overfor kvarandre om alle forhold som må ventast å vere av betydning for den andre Parten. Slik informasjon skal givast så raskt som mogleg.

10. TVISTAR

10.1 FORHANDLINGAR

Dersom det oppstår tvist mellom Partane om tolkinga eller rettsverknadene av Avtalen, skal tvisten først søkjast løyst gjennom forhandlingar.

10.2 MEKLING

Dersom ein tvist i tilknytning til denne Avtalen ikkje blir løyst etter forhandlingar, kan Partane forsøke å løyse tvisten ved mekling.

Den nærare framgangsmåten for mekling blir fastsett av meklaren, i samråd med Partane.

10.3 LOVVAL OG VERNETING

Dersom ein tvist ikkje blir løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av Partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Vernetjing er ved Kunden si forretningsadresse.

Partane kan alternativt avtale at tvisten blir avgjort med endeleg verknad ved skilssdom.

11. ENDRINGAR

Punkt	Endrast til